



Lindås Rør & Sanitær As
Burkhovdane 1
5914 Isdalstø

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4413 - 22/55267

Saksbehandlar:
Linda Hammersvik Folkestad
linda.folkestad@alver.kommune.no

Dato:
06.07.2022

Godkjent rørleggarmelding - GBNR 24/153 Fammestad

Me viser til rørleggarmelding motteke 25.05.2022, og e-post av 29.06.2022 med oppdatert situasjonsplan (VA-kart).

Adresse byggeplass: Fammestad 17 – GBNR 24/153
Type bygg: Ny einebustad
Type arbeid: Tilknytning offentlig vatn, privat avløp - godkjent utslepp 05.07.2022

Rørleggjarmeldinga er godkjend på følgjande vilkår:

Arbeidet skal utførast etter standard abonnementsvilkår for vatn og avlaup, tekniske og administrative bestemmelsar.

Stikkleidningar skal opparbeidast i samsvar med søknad om tilknytning, kap.2.1. Adm.bestemmelsar. Større endringar skal varslast underteikna. Ved behov for trykkauke/reduksjon visar vi til pkt. 2.1.3 i tekniske bestemmelsar.

Tinglyste erklæringer:

Erklæring om felles solidarisk ansvar for del av leidningsnettet som er vedlagt søknad er ikkje tinglyst. Kommunen skal, som avtalt, ha kopi av tinglyst erklæring så snart denne ligg føre.

Kopi skal være kommunen i hende seinast ved ferdigmelding av utført rørleggararbeid.

Tilknytingsgebyr:

Gebyr vil bli fakturert etter gjeldande satsar. Vi gjer merksam på at arbeidet skal ikkje igongsetjast før gebyr er betalt. Rørleggjarfirma pliktar å undersøkje dette før oppstart.

Søknadsplikt etter plan og bygningslova:

Tiltaket kan vera søknadspliktig etter plan og bygningslova. Dette må avklarast med byggesak. Ev. gebyr for handsaming etter plan og bygningslova følgjer av gjeldande gebyrforskrift.

Ferdigmelding:

Når arbeidet er utført, skal det sendast inn ferdigmelding til kommunen med oppdatert situasjonsplan med innmålingsdata som bygd/sosifil. Situasjonsplanen skal visa rørføring frå bygg til tilkopling offentleg leidning. Kopi av tinglyst erklæring skal, etter avtale med tiltakshavar, leggjast ved ferdigmeldinga.

Av omsyn til kunde er det viktig at ferdigmeldinga vert sendt inn straks arbeidet er utført. Dette for å unngå etterfakturering av kommunale gebyr.

Hugs at søknad om godkjend ferdigmelding må sendast inn i god tid før ein skal søkja om midlertidig bruksløyve og/eller ferdigattest.**Endring av tilknytning til kommunalt vatn/avløp**

Alle endringar i ettertid, som medfører vesentlege endringar i vassforbruk eller utslepp, krev løyve frå kommunen, og skal omsøkjast. Søknad skal skje på røyrleggjarmelding KF-570.

Med helsing
Alver kommune, Samferdsel, veg-, vatn-
avløp-forvaltning

Linda Hammersvik Folkestad
Ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Morten Tveit

Reikeråsvegen 69 5913

Eikangervåg

Mottakarar:

Lindås Rør & Sanitær As

Burkhovdane 1 5914

Isdalstø